

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014

### Merknader til meldingane:

**M/33. Einar Lutro** synte til at omgrepa ÅDT og Pbe vart nytta om ein annan i meldinga. Rådde til at ÅDT vert nytta ved framtidige rapporteringar.

**M/42. Pål Kårbo** til synte til oversendingsforslaget som innebar å etablera ei politisk arbeidsgruppe under samferdselsutvalet, som skal arbeide fram ein modell for fornying av ferjeflåten på dei ulike ferjestrekningane i Hordaland.

Det var ikkje fleirtal i utvalet for å gå vidare med denne modellen. Utvalet la til grunn at ein vert halde orientert om den pågåande prosessen fram mot nye ferjeanbod. Frå administrasjonen si side vart det opplyst at det vert lagt fram ei sak om dette saksområdet i løpet av året.

**M/37. Arild Borgen** stilte spørsmål om korleis omorganiseringa kunne gje betre planleggjring. Oddmund Sylta orienterte om bakgrunnen for omorganiseringa og peika m.a. på at organisasjonen må ha eit anna fokus i ein etablert driftsfase enn i ein etableringsfase.

**M/38. Arild Borgen** stilte spørsmål om korleis utbyggjinga på Flesland kan starta før finansieringa er på plass.

Gustav Bahus opplyste at finansieringa no er på plass.

**M/40. Arild Borgen** stilte spørsmål om kva indikatorar som var teke vekk.

Administrasjonen kjem attende med svar på dette.

**Arild Borgen** sette fram fylgjande oversendingsforslag.

### Felles plan for jernbane og ny veg Arna-Voss.

Framlegget til plan for ei kombinert utbyggjing av jernbane og veg mellom Arna og Voss har fått mykje velfortent ros. Vil fylkesrådmannen koma med forslag om at planen får høgare prioritet i NTP ved neste runde.

Utvalet røysta over om oversendingsforslaget skulle sendast vidare.

### **Røysting**

Oversendingsforslaget fekk 1 røyst og fall.